



Arkivnr: 2014/729-4  
Saksbehandlar: Øivind Rune Bjørkås, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.10.2014

### Spørsmål om oppnemning av styremedlem - Stiftelsen Fjelberg Prestegard

Stiftelsen Fjelberg prestegard er oppretta av Foreningen til norske Fortidsminnemerkeres bevaring, Kvinnherad kommune og Prestegårdstilsynet for Fjelberg prestegard. Stiftinga har i følgje vedtektene § 2 følgjande føremål:

*Stiftelsens foremål er å foreta istandsettelse og vedlikehold av bygningene på prestegården og administrere bruken av dem. Bygningene skal istandsettes i samarbeide med representanter for Riksantikvaren, og fylkeskonservatoren i Hordaland for å bli tatt vare i fremtiden. Bygningene skal benyttes til kirkelige, vitenskapelige, kulturelle og sosiale formål, kurs- og konferansevirksomhet, samt arrangement for lokalbefolkningen.*

I følgje vedtektene § 4 skal styret ha fem medlemmer. Per i dag består styret av fire medlem og manglar såleis eit medlem for å oppfylle krava i vedtektene. Stiftelsestilsynet har difor pålagt stiftinga å bringe dette i orden. Styret i stiftinga har retta ein førespurnad til Hordaland fylkeskommune med ynskje om at Hordaland fylkeskommune nemner opp eit styremedlem. I følgje vedtekta § 9 kan styret med Foreningen til norske Fortidsminnesmerkeres Bevaring og Kvinnherad kommune sitt samtykke foreta endringar i vedtekta. Dersom fylkeskommunen gjer vedtak som etterkommer stiftinga sitt ynskje, vil stiftinga endre vedtektene i samsvar med dette.

Fjelberg prestegard er eit nasjonalt kulturminne og vert - med sine ni einskilde bygningar og hageanlegg - rekna som ein av landets best bevarte prestegardar. Anlegget vart freda i 1992. Fjelberg Prestegard er eit «levande» kulturminne, som vert nytta til ei rekkje føremål.

Hordaland fylkeskommune tildelte for 2013 og 2014, kr. 230.000 i driftstilskott over budsjett til Fjelberg prestegard. I tillegg er det ytt tilskot og fagleg bistand til restaurering av taket på delar av anlegget ( den gamle bispestova). Fylkesrådmannen ser prestegarden som eit av dei mest sermerkte kulturminna i Hordaland. Stiftinga Fjelberg prestegard står sentralt i vern og drift av prestegarden og gjer eit viktig og godt arbeid. I lys av prestegarden si tyding som kulturminne, fylkeskommunen sitt engasjement og at stiftinga sjølv ynskjer at fylkeskommunen skal ha ein slik rolle, finn fylkesrådmannen å kunne tilrå at Hordaland fylkeskommune nemner opp eit styremedlem i tråd med ynskje frå stiftinga.

### Forslag til vedtak

[Hordaland fylkeskommune oppnemner eit styremedlem i Stiftinga Fjelberg Prestegard.](#)

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 01.10.2014

Stiftelsen Fjelberg prestegard er oppretta av Foreningen til norske Fortidsminnemerkeres bevaring, Kvinnherad kommune og Prestegårdstilsynet for Fjelberg prestegard. Stiftinga har i følgje vedtektene § 2 følgjande føremål:

*Stiftelsens føremål er å foreta istandsettelse og vedlikehold av bygningene på prestegården og administrere bruken av dem. Bygningene skal istandsettes i samarbeide med representanter for Riksantikvaren, og fylkeskonservatoren i Hordaland for å bli tatt vare i fremtiden. Bygningene skal benyttes til kirkelige, vitenskapelige, kulturelle og sosiale formål, kurs- og konferansevirksomhet, samt arrangement for lokalbefolkningen.*

I følgje vedtektene § 4 skal styret ha fem medlemmer:

### §4 Styret

*Stiftelsen ledes av et styre på 5 personer med personlige varamenn:*

*1 styremedlem oppnevnt av Kvinnherad kommune, 1 styremedlem oppnevnt av Prestegårdstilsynet for Fjelberg prestegard, 2 styremedlemmer oppnevnt av Fortidsminneforeningen, Bergen og Hordaland avdeling og 1 styremedlem oppnevnt av Fjelberg bygdela. Medlemmenes funksjonstid er to år. Kommunens representant følger kommunestyreperioden. Styret velger selv sin formann for ett år av gangen. Styret er beslutningsdyktig når formannen og to styremedlemmer eller deres vararepresentant er tilstede. Styret fører møtebok. Styret skal innkalles skriftlig når formannen eller to av styremedlemmene krever det, med minst en ukes varsel. Styret har krav på å få dekket sine reiseutgifter.*

Per i dag består styret av fire medlem. Det manglar såleis eit medlem for å oppfylle krava i vedtektene. Stiftelsestilsynet har difor pålagt stiftinga å bringe dette i orden. Styret i stiftinga har retta ei førespurnad til Hordaland fylkeskommune med ynskje om at Hordaland fylkeskommune skal oppnemne eit styremedlem. I følgje vedtekta § 9 kan styret med Foreningen til norske Fortidsminnesmerkeres Bevaring og Kvinnherad kommune sitt samtykke sjølv foreta endringar i vedtektene. Dersom fylkeskommunen gjer vedtak som etterkommer stiftinga sitt ynskje, vil stiftinga endre vedtektene i samsvar med dette.

Fjelberg prestegard er eit nasjonalt kulturminne og vert - med sine ni einskilde bygningar og hageanlegg - rekna som ein av landets best bevarte antikvariske prestegarder. Anlegget vart freda i 1992. Fjelberg Prestegard er eit «levande» kulturminne, som vert nytta til ei rekkje føremål. Aktivitetane fordeler seg på tre hovudområder :

- Et refugium for forfattere, fagbokforfattere, musikere og biletkunstnarar.
- En ramme for seminarer, styre- og studiearbeid.
- Lokale arrangementer som konserter, marked, slektsstevner og kirkekaffe.

Dei siste åra har prestegarden i gjennomsnitt hatt over 1500 besøkande og ca. 600 gjestedøgn.

Hordaland fylkeskommune tildelte for 2013 og 2014, kr. 230.000 i driftstilskott over budsjett til Fjelberg prestegard. I tillegg er det ytt tilskot til restaurering av tak m.m. Fylkesrådmannen vurderer prestegarden som eit viktig kulturminne. Stiftinga Fjelberg prestegard står sentralt i vern og drift av prestegarden og gjer eit viktig og godt arbeid. I lys av kulturminnet si tyding og fylkeskommunen sitt engasjement, samt at stiftinga sjølv ynskjer at fylkeskommunen skal ha ein slik rolle, finn fylkesrådmannen å kunne tilrå at Hordaland fylkeskommune nemner opp eit styremedlem i tråd med ynskje frå stiftinga.